

ÅRSMELDING

Skuleåret 2018/2019

**Mobbeombodet i Sogn og Fjordane
fylkeskommune**



INNHOLD

Føreord	3
Oppsummering	3
Innleiing	4
Arbeidsmåte	4
Arbeidet i tal	5
Erfaringar	6
Oppmodingar	7

FØREORD

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i Fylkestinget 17.4.2018 å opprette mobbeombod for barnehage og grunnskule. Mellombels stilling vart oppretta for perioden 1.8.2018 – 31.12.2019. Alle fylkeskommunar deltek i ordninga med fylkesvise mobbeombod, og alle har tilsett ombod. 1.2.2019 kom melding om at Kunnskapsdepartementet har bestemt å utvide prøveperioden for mobbeomboda utover 2019.

Årsmeldinga frå mobbeombodet gjeld skuleåret 2018-2019.

OPPSUMMERING

Arbeidet som mobbeombod for barnehage og skule har i aller første omgang dreidd seg om å forstå og omsetje innhaldet i det vedtekne mandatet, deretter forme, konkretiserer og strukturere oppgåver – og samstundes sikre at ordninga med mobbeombod er kjend for dei den er oppretta for. Opgåvene har i all hovudsak handla om å jobbe for trygge leik- og læringsmiljø for barn i barnehagar og elevar i grunnskulen. Mobbeombodet har arbeidd med alle fasar av mobbing; førebygging, handtering og oppfølging.

Foreldre som har nytta tenesta har meldt om at dei har sett pris på å bli høyrde og har opplevd å få støtte. Dei har òg opplevd råd og rettleiing som nyttig. Barnehagar og skular som har teke kontakt har òg uttrykt at dei har hatt god nytte av samarbeidet.

Mobbeombodet har opplevd stort engasjement som gjeld arbeidet med å skape trygge og gode miljø i barnehagar og skular. I det vidare er det viktig at vi held oppe dette engasjementet og at kompetanse om sosialt samspel vert sikra for alle som jobbar med barn. Å kontinuerleg utvikle barnhagar og skular sin kompetanse er forventa at vi gjer. I tillegg kan kommunale eller regionale innsatsteam mot mobbing vere ei god løysing i arbeidet med å førebygge, handtere og følgje opp mobbing.

Mobbeombodet ser òg at dialog mellom barnehage/skule og heim er ein svært viktig faktor, og at foreldrestemmene er viktig å få fram. Å aktivere foreldreressursen meiner eg er heilt avgjeraende i arbeidet med å skape trygge miljø; barnas leik- og læringsmiljø er ikkje avgrensa til livet i barnehagen og på skulen. Desse miljøa eksisterer like fullt etter barnehage- og skuletid, på fotballbana, på fritidsklubben, i korpset, i drillen – og ikkje minst, på nettet. Trenden syner stadig fleire og stadig yngre born som tek del i den digitale verda.

Trygge miljø blant born er ein naudsynt faktor i å skape fleire trygge barn. Trygge born blir trygge vaksne. Denne jobben er det viktig at vi fokuserer på. Og det er avgjeraende at vi gjer den i lag.

Mobbeombodet vil takke alle samarbeidspartar for meiningsfull jobb og god innsats dette barnehage- og skuleåret!

INNLEIING

Stillinga som mobbeombod for barnehage og grunnskule er ny i Sogn og Fjordane. Det har vore viktig å gjere ordninga kjent, slik at barn og elevar har kunne dra nytte av tenesta.

Med utgangspunkt i mandatet har det òg vore naudsynt å forme mål for perioden, definere oppgåver og strukturere desse på ulike nivå og fasar. Førebyggande arbeid mot mobbing, handtering av mobbing og oppfølging av mobbing har vore gjennomgåande element i alt arbeid dette året.

Denne årsmeldinga gir ein oversikt over korleis mobbeombodet har strukturerert arbeidet, jobba og om erfaringar på ulike nivå. Den seier noko om aktuelle problemstillingar for vidare arbeid med trygge leik- og læringsmiljø.

ARBEIDSMÅTE

Ordninga med fylkesvise mobbeombod er eit lågterskeltilbod. Tenesta er gratis og mobbeombodet har teieplikt. Mobbeombodet i Sogn og Fjordane sitt mandat som vart vedteke i Fylkestinget 17.4.2018 er i tråd med det nasjonale;

Mobbeombodet skal støtte og rettleie barn, elevar og foreldre slik at desse får teke i vare sine rettigheter til eit godt psykososialt miljø i barnehage og grunnskule.

Mobbeombodet skal i samarbeid med elev- og lærlingombodet i sitt fylke, bidra til at elevar og lærlingar får teke i vare sine rettigheter til eit godt psykososialt miljø i vidaregåande opplæring.

Mobbeombodet har strukturerert arbeidet på individ-, system- og samfunnsnivå og har sortert oppgåvene innanfor kvart nivå.

På individnivå har arbeidet dreidd seg om å vere eit kontaktpunkt for barn, elevar og foreldre; lytte, gi støtte, sortere informasjon, informere om regelverk og rettleie. Mobbeombodet har vore oppteken av å informere og ruste foreldre til sjølv å møte barnehage og skule, med kunnskap om retter, pliktar og kva ein bør forvente av både seg sjølv og kommunen. Etter ønskje frå nokre heimen har mobbeombodet òg delteke i møte med skule og heim, og har samarbeidd med både skulen og heimen i det vidare arbeidet med å skape trygge miljø.

På systemnivå har oppgåvene i stor grad handla om å jobbe førebyggande ved å dele informasjon om trygge fellesskap og førebygging, handtering og oppfølging av mobbing. Det har òg dreidd seg om å bidra i arbeid med å lage eller utbetre system mot mobbing og bidra i saker der læringsmiljøet i grupper ikkje har vore godt.

På samfunnsnivå har mobbeombodet vore eit talerør og ei stemme i det offentlege rom. Å dele informasjon for å bidra til at barn, foreldre, barnehage, skule, idrettslag og lokalsamfunn jobbar saman for trygge og mobbefrie miljø har vore viktig. Å gjere tenestene til mobbeombodet kjend i fylket har naturleg vore ein del av jobben. Mobbeombodet har òg deltek i møte med organisasjoner og politikarar, og har såleis vore i posisjon til å påverke. På samfunnsnivå inngår oppgåver som dokumentasjon, rapportering og evaluering – både på fylkesnivå og nasjonalt.


I tillegg til arbeid på desse nivåa har mobbeombodet brukt ressursar på å auke eigen kompetanse. Mellom anna ved deltaking på kurs, konferansar og på vidareutdanning i regi av Læringsmiljøsenteret.

ARBEIDET I TAL

I Sogn og Fjordane har det gjennom skuleåret 2018-2019 vore om lag 5500 born fordelt i 143 barnehagar og 13 915 grunnskuleelevar fordelt i 109 skular.


Mobbeombodet har motteke 40 meldingar på individnivå, og fordelinga mellom meldingar som gjeld gutter og jenter er lik. I 18 av desse meldingane har mobbeombodet følgd vidare med i sakane og har delteke som støttespelar og samarbeidspart for heim og barnehage/skule.

Figurane undre syner korleis dei mottekne meldingane fordeler seg:



Mobbeombodet har motteke meldingar frå alle trinn i grunnskulen og frå barnehagen.


Diagrammet viser ein auke i tal meldingar frå barnehage og utover i grunnskulen, med flest meldingar på ungdomstrinnet



Av mottekne meldingar har dei fleste dreidd seg om Opplæringslova § 9A – 4; eleven sitt skolemiljø.

Kategorien § 9A - 5 handlar òg om skalemiljø, men inneholder krenking frå vaksen som ein faktor.

Nokre av meldingane har sortert utanfor kategoriane som gjeld skalemiljø. Desse har dreidd seg om utrygge miljø i barnehage, mobbing i barnehage, mobbing i fritidsmiljø og meldingar som gjeld andre delar av opplæringslova.



På personalmøter har trygge fellesskap vore tema, med vekt på førebygging, avdekking, handtering og oppfølging av mobbing.

Elevmøta har båret preg av samtale om trygge fellesskap og mobbing.

Foreldremøta har hatt fokus på trygge fellesskap og korleis foreldre kan bidra og samarbeid for å skape slike.

Mobbeombodet si deltaking på kurs og konferanser har dreidd seg om fleire ting; å presentere og gjere mobbeombodet sine tenester kjent, å bidra med innlegg om trygge fellesskap og mobbing, å skape nettverk, delta i meiningsutveksling og auke eigen kompetanse.

På samfunnsnivå har oppgåvene dreidd seg om å dele kunnskap, reflektere og delta i drøfting som gjeld barn sine leike- og læringsmiljø. Digital dømmekraft har vore eit gjennomgåande og aktuelt tema, som gjeld for både foreldre og tilsette i skulen.

Mobbeombodet har gitt uttale til nasjonale høyringar som gjeld skolemiljø, har skrive kronikkar og kommentarar i lokale og regionale mediar, og har delteke i ulike møter med politikarar i fylket.

I tillegg til arbeid på desse tre nivåa har mobbeombodet delteke i vidareutdanning for mobbeomboda. Læringsmiljøsenteret har skreddarsydd studieprogrammet som vektar 15 studiepoeng på masternivå og strekk seg frå mars 2019 til oktober 2020.

ERFARINGAR FRÅ ARBEIDET

Mobbeombodet har blitt godt teke i mot av elevar og foreldre i barnehagar og i skule.

Mobbeombodet har opplevd gode tilbakemeldingar frå foreldre som har teke kontakt.

Foreldre har sett pris på å bli lytta til, få råd og rettleiing og støtte i møte med skulen. Også barnehagar og skular har i dei fleste saker som gjeld einskilde born og grupper av born uttrykt takksemd for godt og nyttig samarbeid.

På foreldremøte i barnehagar og i skular har mobbeombodet opplevd stort engasjement. Foreldre har sett pris på å få kunnskap om trygge fellesskap og mobbing, i tillegg til å reflektere saman med andre foreldre.

Mobbeombodet har blitt godt motteke av tilsette i skular og barnehagar.

Mobbeombodet har opplevd å bli godt teke i mot i barnehagar og på skular. Dei fleste barnehagane og skulane gir klart uttrykk for at dei ønskjer samarbeid, meir kunnskap og støtte til å gjere ein endå betre jobb.

Det har vore varierande kvalitet på skulane si handtering av saker som gjeld krenking og mobbing.

Mobbeombodet erfarer at skular har varierande kvalitet på handtering av saker som gjeld krenking og mobbing. Dette har spesielt kome til uttrykk i den delen av arbeidet som handlar om å undersøke godt nok, for så å setje inn treffsikre tiltak.

Alle saker som gjeld utrygge miljø og mobbing blant barn frå og med 3.kl har digitale element i seg.

Medietilsynet si nasjonale undersøking *Barn og medier 2018* viser at om lag 50 % av niåringane våre er på sosiale medium. Dette kjenner mobbeombodet att i vårt fylke.

Mobbeombodet har erfart at digital dømmekraft i seg sjølv er utfordrande for born i grunnskulen og at mangel på slik dømmekraft kan bidra til utrygt miljø. Erfaringar med digital mobbing viser at dette i svært stor grad skader den som vert utsett for det og skapar frykt.

Nokre kommunar har aktive beredskapsteam eller innsatsteam.

Fleire kommunar i Sogn og Fjordane har informert om at dei har etablert kommunalt beredskapsteam mot mobbing. Mobbeombodet har erfaring frå samarbeid med eitt av desse. I lys av alle meldingane som har kome til mobbeombodet, er det interessant å stille spørsmål ved om slike team bør etablerast i fleire kommunar.

Samarbeid mellom mobbeombod og elev- og lærlingombod har vore viktig.

Sidan oppstarten i august 2018 har mobbeombodet og elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane hatt faste månadlege møter. Dette har vore svært nyttig og har mellom anna styrka rolla som mobbeombod fagleg sett.

OPPMODING OM VIDARE ARBEID

1. Set arbeid med leik- og læringsmiljø, klasseleiing og sosial kompetanse øvst på lista for prioriterte innsatsområde.

Barnehage- og skuleeigar bør sikre at alle som jobbar med barn har kunnskap om trygge fellesskap og sosialt samspel, og har kompetanse i førebygging, handtering og oppfølging av mobbing.

2. Barnehage- og skuleeigar bør vurdere å etablere/aktivisere kommunale eller regionale innsatsteam.

Aktive innsatsteam som er lett tilgjengelege for barnehage og skule kan vere ei god løysing i arbeidet med trygge og mobbefrie miljø. I utfordrande barnehage- og skulemiljøsaker kan innsatsteam vere ein fagleg ressurs som både har kompetanse og kan ta del i arbeidet. Det vil kunne opplevast som god støtte å ha ressurspersonar i nærområdet, som gjennom kartlegging og modellering kan hjelpe barnehagen og skulen til å handtere utfordringar på ein profesjonell måte. Slik samarbeid vil truleg òg kunne opplevast som eit praktisk og teoretisk læringsarbeid for den tilsette frå barnehagen eller skulen. Også heimen vil kunne ha nytte av slike team, både med tanke på fagleg og emosjonell støtte.

3. Skular og barnehagar bør legge enda større vekt på å skape god dialog med heimane.

I dei fleste meldingane mobbeombodet får er det brot på tilliten mellom barnehagen/skulen og heimen. Barnehage- og skuleeigar bør sikre at ein har klare rutinar for møteleiing og referatskriving.

Mobbeombodet oppmodar òg om at ein har skulemiljø som tema på alle foreldremøte og at ein legg opp til møter som er prega av dialog. Foreldreengasjement og foreldresamarbeid er heilt avgjerande i arbeidet med å skape trygge miljø – både i barnehagen, på skulen, på fritida og på nett.

4. Arbeid med digital dømmekraft bør vere eit satsingsområde.

Mobbeombodet oppmodar barnehage- og skuleeigar til å vere med å skape ein tryggare digital kvardag for barn og unge. Dette er òg ein av barneombodet sine oppgåver dei neste tre åra. Digital dømmekraft bør vere eit fokusområde og ein bør legge til rette og jobbe for at foreldre og barn får utvikle god digital dømmekraft.

Aina Drage

Mobbeombod i Sogn og Fjordane